



Røysterett for Alle med sin musikalske leiar, Maria Malmsten, er klar for jubileumsmarkering i 2018. Styreleiar Lars Henrik Skogtun bak t.h. på bilete.

**På årsmøte i Røysterett for Alle i går vart Lars Henrik Skogtun attvald som leiar. Koret kan syna til høg aktivitet i 2017 og det gode frammøte på årsmøte syner også at det er stort engasjement i det som no er eit jubileumsår. I tillegg til vanlege årsmøtesaker vart sjølve jubileumsavviklinga gjort greie for og diskutert så langt hovudinnhald og detaljar ligg føre.**

Røysterett for Alle har eit sett 'Køyrereglar' der revisjon stod på programmet. Dette dokumentet tek for seg skikk og bruk saman med detaljar for korleis ulike verv og andre plikter skal handterast. I våre dagar, med lettvinne elektronisk kommunikasjon, har revisjonsnemnda kunna gjennomføra talrike høyringar, med mange innspel frå medlemene. Eit ferdig framlegg gjekk difor gjennom med eit lite tilleggspunkt for mandatet til repertoarnemnda.

Vaknemnda hadde gjort eit godt areid, så valet gjekk greitt unna. Lars Henrik Skogtun vart attvald som leiar. Dei ulike styreverva elles vil verta fordelte når styret konstituerer seg. Andre verv og funksjonar vil ganske snart verta lagt ut i linken Røysterett for Alle har via knappen 'Lag og organisasjonar' til venstre her på nettsida.

Styret: er med dette:

- Lars Henrik Skogtun ( leiar )
- Kjell Sigbjørn Røssland
- Renate Koløy
- Svein Rimestad
- Brit Hjetland

Tekst: Svein Rimestad  
Foto/nett: Kristian Bringedal